

tør i Hedeselskabet, har gitt seg utslag i en rekke verdifulle publikasjoner og årsmeldinger som vi har hatt nytte av. I denne forbindelse kan nevnes at direktør Basse i 1946 ble innvalgt som korresponderende medlem av Det norske myrselskap. Videre vil vi nevne den elskverdige måten som Myrselskapets funksjonærer er mottatt på når de har vært på studiereise i Danmark. De danske forskningsresultater og erfaringer på myrdyrkingens, kulturteknikkens og de torvtekniske områder har alltid stått til vår disposisjon. Samarbeidet mellom våre to selskaper har m. a. o. vært det aller beste og «profiten» har først og fremst vært på Myrselskapets side.

Når direktør Basse i nær fremtid går fra borde som Det danske Hedeselskab's direktør, vil vi takke ham for hans betydningsfulle innsats, som også har hatt interesse for en rasjonell utnyttelse av myrene i vårt land. Vi vil også ønske direktøren en god helse i årene fremover og lykke til fortsatt innsats på en rekke felter hvor hans store arbeidskraft — etter hva vi har forstått — fremdeles vil bli lagt beslag på.

Aa. L.

PLANTEDYRKING PÅ MYRJORD.

Av forsøksleiar Hans Hagerup.

(Framhald frå hefte nr. 6, 1958).

IV. Rotvokstrar.

Dei ymse rotvokstrar vi dyrkar her i landet, høver ikkje alle like godt på myrjord. Det skil seg på kva slag myrjord som står til rådvelde, insektplaga og kva rotvokstrar som skal dyrkast.

A. Neper (*turnips*).

Denne rotvokster høver sers godt på god myr (storr-brunmosemyr). På kvitmosemyr og myr med brenntorvkarakter vil ein ikkje få skikkelege avlingar før jorda er komen i god kultur, og dette vil ta lenger tid enn for grasmýrane. I ymse høve vil det ikkje løne seg å dyrka neper på dårleg dyrkingsmyr før ploglaget (minst 20 cm) er komen i god kultur. På sume stader og serleg nordetter vil og parasittplagene vera så leie at det av den grunn ikkje er rådeleg å dyrka neper på myr. Dei betre myrtypene gir god nepeavlting og det er ingen vanske å få rotavlingar på 5—6 tonn pr. dekar i medel-avlingar for ei årekke. Enkeltavlingar på 8 tonn og meir er ikkje uvanleg i gode år. Det prosentiske innhaldet av turremne i røtene vil som regel verta mindre på myrjord enn på fastmarksjord.

1. Val av nepesortar.

Dei sortar som slår godt til på fastmark, går også godt på myrjord, men det kan og vera skilnader. Det er samanlikna mange

sortar ved forsøksgarden og her skal vi ta med resultatet for dei beste. Dei fleste har ei samanlikningstid på 22 år (1922—1943).

Tabell 7. Forsøk med nepesortar 1922—1943.

Sortar	Pr. dekar			Turremne i røter, kg	Skadde røter, %
	Turremne i røter, kg	Blad, kg	F.e. i røter og blad		
Rundnape.					
Dales hybrid (dansk)	552	3307	720	8,9	12,3
Langnape.					
Fynsk bortfelder (dansk)	599	3373	770	8,2	5,4
Østersundom (dansk)	663	2627	784	8,1	4,5
Yellow Tankard (3 år-dansk)	536	3514	720	8,6	—
Flatnape.					
Kvit mainepe (dansk)	682	2850	810	11,2	11,0
Kvit mainepe (7 år-Forus) ...	670	2945	814	11,7	13,0

Frå ei serie forsøk med nepesortar og stammer for åra 1947—1951, og som var sams for ein del forsøksgardar i landet, er avlingsresultatet framstilt i tabell 8.

Tabell 8. Forsøk med nepesortar 1947—1951.

Sortar	Pr. dekar			Turremne i røter, kg	Skadde røter, %
	Turremne i røter, kg	Blad, kg	F.e. i røter og blad		
Rundnape.					
Dales hybrid, Rogaland	534	3183	697	9,3	4,57
Greystone, Amagergård V	537	3658	732	8,4	4,95
Brunstad, Vågønes	599	2874	736	8,3	4,76
Haustrurnips, Roskilde VII ..	599	3007	751	9,4	6,34
Langnape.					
Yellow Tankard, Vidarshov I ..	612	3472	788	8,9	0,61
Østersundom, Amagergård V	599	2808	732	8,9	0,88
Bortfelder, Vidarshov I	594	3539	776	8,6	0,74
Flatnape.					
Kvit mai, Forus	659	2832	788	11,5	4,44

Ved samanlikning mellom dei ymse sortar og stammer må ein vera merksam på skilnadene i prosent av skadde røter. Minst skadd er langnepene og dermed er dei noko betre enn avlingstala viser. Flatnepa *Kvit mai* både av dansk og norsk frøavl, har vori best i avling både av turremne i røter og i totallavling. Denne sorten er dyrka med eit planteavstand på 15 cm medan dei andre er dyrka med 25 cm avstand. Av langnepene har *Yellow Tankard* — *Vidarshov I* vori best i siste prøvebolken og *Bortfelder* frå same avlsstad har stått litt lågare i avling. *Østersundom* — *Amagergård V* har gjevi litt mindre avling turremne i røtene og da bladmengda og ligg noko under, vert skilnaden i totallavling etter måten stor. I den lengste prøvebolken har *Østersundom* av dansk avl stått best av langnepene. Av rundnepene har den gamle og kjente sorten *Dales hybrid* alltid vori underlegen i avling, og dertil kjem at den har lett for å verta mykje skadd av insektatak. Det same er tilfelle med andre rundnepesortar. I avling av turremne i røter har *Brunstad* og *Haustturnips-Roskilde VII* stått likt, men den siste har større avling av blad og kjem såleis fremst av desse.

I ein ny serie fellesforsøk med nepesortar og stammer i åra 1953—1956 skal nedanfor nemnast avlingstal for dei 7 beste sortar frå forsøksgarden på Mæresmyra:

	Kg turremne pr. dekar	
	I røter	I alt
Østersundom, Roskilde	739	875
Majturnips, Roskilde B	703	866
<i>Kvit mai</i> , <i>Forus</i>	683	856
<i>Yellow Tankard</i> , <i>Hinderupgård</i>	669	836
<i>Haustturnips</i> , Roskilde VII	644	834
<i>Yellow Tankard</i> , Roskilde IX	627	803
Weibulls <i>Immuna</i>	639	800

Alle sortane er i denne forsøksserien uttynna til 25 cm planteavstand, likevel har mainepene hevda seg mellom dei fremste, enda dei bør ha stuttare avstand for å kunne utnytte voksterlassen på beste måte. Dei er tidlege og gjev god avling sjølv ved sein sånad. *Klumprot* har det vori svert lite av i forsøka våre, men observasjonar frå forsøk andre stader har konstatert at Majturnips, *Kvit mai* (*Forus*), *Haustturnips* (Roskilde VII) og Weibulls *Immuna* II var dei sterkeste mot denne sjukdomen.

På kvitmosemyra ved forsøksgarden er det ikkje prøvd mange sortar, men ein langnepesort og ein flatnepesort er samanlikna i omlaupsforsøk, avlingsresultatet for 7 år var fylgjande pr. dekar:



Nepeåker ved forsøksgården på Mæresmyra.

	Kg turremne	Foreiningar	Turremne i røter, %
Fynsk bortfelder	435	492	9,7
Kvit mainepe	506	551	13,9

Avlingane på kvitmosemyr har vori langt mindre enn på god grasmyr, og dei har vori meir skiftande. Gjødslinga har som oftast vori sterkare med større mengd husdyrgjødsel enn på grasmyra. Prosenten av turremne har alltid vori høgre i neper frå mosemyr, og røtene mykje mindre enn på grasmyr, og serleg har røtene av Kvítmai i ymse år vori små. I mosemyr syner det seg at røtene av nepene ikkje trengjer ned i jorda under ploglaget, da jorda her er ulagleg for dei. I god grasmyr derimot er jorda under ploglaget oftast mykje betre.

Også svenske forsøk med neper på Flahult (Osvald 1937, side 339), viser skilnad i avling på grasmyr og kvitmosemyr, men desse er ikkje så store som i våre forsøk. Eit 8-årig forsøk med Bortfelder på dei ulike myrtyper gav dette resultat pr. dekar:

	Kg røter	Kg turremne
På grasmyr	6820	591
På kvitmosemyr	5970	520

Mange andre sortar enn dei som er nemnde i tabellane er prøvde i forsøka, men dei har vori underlegne i avling og andre eigenskapar. Det er dei beste stammer av langnepene *Yellow Tankard*, *Østersundom* og *Bortfelder*, og flatnepesorten *Kvit mai* som har tevla om fremste plassen. Snart har den eine og snart den andre stått best alt etter som åra har vori, tidege eller seine. Den gamle og kjente sorten *Dales hybrid* som er mykje brukt på fastmark har alltid vori underlegen. Ho er seinare og vil gjerne vera meir skadd av råtesoppar og kålfuge på myrjord enn på fastmark. Det er såleis ingen grunn til å haide på den på myrjord framom andre sortar. Den rundnepesorten som kan høve til dyrking på myrjord er *Haustrup nips-Roskilde VII* som har gjevi bra avling, men den er truleg ikkje serleg lagringssterk.

2. Kva plass i omlaupet høver for neper på myrjord?

Der korndyrking går inn i eit voksterskifte er det vanleg å ta rotvokstrane mellom to korngrøder og denne plassen er rekna som den beste for dei. Der det ikkje vert dyrka korn må rotvokstrane få annan plass. Vi har hatt høve til å prøve dette i ulike omlaupsforsøk som har legi på god grasmyr og på kvitmosemyr ved forsøksgarden. På grasmyra er tre nepesortar prøvd i eit 7-årig omlaup med nepe på ompløgd voll og i andre års og tridje års åker. Utfallet av dette for 20 avlingsår går fram av tabell 9. I denne tabellen er og oppført resultatet for 6 avlingsår frå kvitmosemyr for to omlaup der nepe er dyrka på ompløgd voll og på andre års åker.

Tabell 9. Omlaupsforsøk med nepe.

Sortar	Medelavlingar i foreiningar pr. dekar		
	Ompløgd voll	2. års åker	3. års åker
Grasmyr:			
Dales hybrid	713	702	695
Fynsk bortfelder	758	743	753
Kvit mainepe	813	800	800
Kvitmosemyr:			
Fynsk bortfelder	361	480	—
Kvit mainepe	431	525	—

Når det gjeld grasmyra har alle tre sortane gjeve litt betre nepe-avling på ompløgd voll enn i open åker. Grastorva er lett å smuldre her, sjølv om det har vori etter 5-årig eng. På mosemyra har det vori best avling i andre års åker. Grastorva på mosemyr var verre å få smuldra godt nok for nepedyrkinga. Vi ser såleis at myrtypen har ikkje lite å seia når det er spørsmål om plasering av nepene i omlaupet og kvar dei kan gi beste avling.

3. Skal ein dyrke nepene på rygg (drill) eller flat åker på myrjord?

For å få skikk på ryggkulturen, trengs det at jorda smuldrar godt for reiskapen, slik at ho ikkje vert klumpet, ho turkar da lettare ut. A dyrka nepene på rygg er å tilrå der føresetnadene er til stades for eit godt utfall. Sjølv om kulturmåten kan vera litt meir arbeidssam enn dyrking på flat åker, har den ymse føremonar, serleg i rått, regnfullt verlag der ugraset er leitt (vassarve). Ugraskampen og arbeidet elles vil falle lettare om sommaren enn på flat åker. Ved tynningsarbeidet med hakke vil det gjerne koma ein del jord med dei uttynna plantane som fyller romet mellom ryggane, slik at det på flat åker ofte vert ein rygg mellom neperadene. Dette er til stor ulempe under etterfylgjande reinhaldsarbeid og serleg er dette tilfelle i rått verlag der luka plantar vanskeleg visnar raskt nok. I forsøka ved forsøksgarden har det ikkje vori nokon stor avlingsskilnad mellom kulturmåtane i eit 6-årig forsøk. Såleis har Dales hybrid i medelavlinga stilla kulturmåtane likt, medan langnepa — Fynsk bortfelder — og flatnepa — Kvit mai — var best i ryggkulturen. Enkelte år med ekstremt lite regn var flat åker best, og i år med sers mykje regn ga ryggkulturen beste avlinga. I strok av landet der fyresommarturke er vanleg, vil dyrking av neper på flat åker vera å tilrå.

4. Kva sātid høver best for nepene?

Det er oftast slik på myrjord at skal ein oppnå størst mogleg avling trengs det å så tidleg. Di stuttare vokstertida er, di meir naudsynt er tidleg sånad. Det er likevel visse andre omsyn å ta når sātida for neper skal avgjerast. Nepeplantane, serleg frøblada og fyrste varande blad, toler ikkje større frost om våren, det er utover hausten at nepa toler frosten. For tidleg sånad kan føre til at frostnetter kan øydeleggja nepene sjølv om jorda har vori godt lagleg for såinga. Alt medan telen sit i myra i ploglaget, er det og stor risiko å så nepene, og er veret kaldt og regnfullt, vil myra vera kald og plantane vil vera utsette for stokkrenning. Er myra telefri kan ein utan større risiko for stokkrenning så tidleg dersom veret elles er lagleg. Noko oppvarma bør myra vera. Ved forsøksgarden på Mæresmyra er det i 11 år dreve sātidsforsøk med tre nepesortar, ein representant for kvart nepeslag, og avlingsresultatet går fram av tabell 10.

Mellan dei to fyrste sātidene er avlingsskilnadene små og usikre, dei har skifta om fyrste plassen alt etter som våren var tidleg eller sein. Ved utsetting av sātida ytterligare til i juni er avlingsnedgangen stor og sikker. Sjeldan har så sein såing gjeve beste avling, men det hender når våren er uvanleg sein. Ved forsøksgarden er den høvelege sātida omkring 20. til 25. mai, og det er såleis her som andre stader at nepa kjem sist i jorda av jordbruksvokstrane. Sātida kan ein elles ikkje fastsetja til ein viss dato, men den vil skifte etter det



Til venstre for stauren sådd den 4. mai, til høgre den 18. mai.

Til venstre for stauren sådd den 18. mai, til høgre den 1. juni.

Såtidsforsøk med nepesorten Fynsk bortfelder som viser stokkrenning ved ulike såtider i 1923. (Kfr. tabellen i teksten).

Tabell 10. *Såtidsforsøk med neper.*

Såtider	Medelavling pr. dekar av kg turremne i røter og f.e. i røter og blad					
	Fynsk bortfelder		Dales hybrid		Kvit mainepe	
	Turremne	F.e.	Turremne	F.e.	Turremne	F.e.
1. såtid 12/5	589	778	560	725	679	809
2. » 24/5	÷ 21	÷ 50	÷ 22	÷ 23	÷ 21	÷ 14
3. » 6/6	÷ 97	÷ 130	÷ 128	÷ 129	÷ 125	÷ 132

geografiske lægje. Ved vurderinga av såtida skal vi merke oss at forsøka har vist meir rotning og sterkare åtak av kålfluga ved tidleg enn ved sein sånad av nepene. Dette talar såleis ikkje til vinning for den sers tidlege såtida.

Stokkrenning vil seia at to-årige vokstrar set blomar og frø alt fyrste året. Tidleg sång av neper i ulagleg jord og oppspiring under låg temperatur i jorda vil ofte føre til stokkrenning av plantane i større eller mindre grad. Som døme på dette skal nemnast resultatet frå eit såtidsforsøk i 1923. Fyrste såtid var uvanleg tidleg,

nemleg 4. mai og dei to andre såtider 18. mai og 1. juni. Ved fyrste såtid var det 6 til 12 cm tele i ploglaget, ved andre såtida var telen enda i myra, men låg djupare, og ved tridje såtid var det telefritt i ploglaget. Medeltemperaturen (i luft) var ved dei ymse såtider og etterfylgjande 14 dagar, 4,8°, 6,7° og 6,0° C. Jordtemperaturen steig ikkje nemnande før telen var gått ut or ploglaget. Her skal vi ta med prosent stokkrente plantar for såtidene.

	1. såtid	2. såtid	3. såtid
Dales hybrid	84	27	0
Fynsk bortfelder	97	64	3
Kvit mainepe	92	36	1

Tridje såtida ga praktisk set ingen stokkrenning og avlinga av røter vart sjølvsgåt størst dette året for denne såtida. Som vi og ser er sortane ulike med omsyn til kor lett dei renn i stokk. Vi har gjennom åra fylgd voksteren av sortane med omsyn på dette og kan såleis nemne at sortane *Bortfelder* og *Yellow Tankard* går lettast i stokk, dinest fylgjer *Kvit mainepe*, noko mindre *Østersund* og minst *Dales hybrid*. Frost synes ikkje ha nokon innverknad på stokkrenninga, men den kan verta så hard at plantane vert drepne, serleg dersom ein er ute for tidleg med såinga.

Såtida innverkar ikkje på turremneprosenten i røtene, derimot aukar bladmengda prosentisk ved utsetting av såtida.

5. Tynningsavstanden.

For å få høveleg storleik på nepene og størst mogleg avling av turremne pr. dekar er det naudsynt å tilpasse avstanden mellom plantane etter typen (forma) på nepene. Forsøk med ulike tynningsavstand med tre nepesortar av ulik rotform — rund, lang og flat nepe — er utført ved forsøksgarden på Mæresmyra i 14 år og eit samandrag av resultatata er gjort her.

Tabell 11. Forsøk med tynningsavstand hos neppe.

	Planteavstand i cm og avling pr. dekar								
	Dales hybrid			Fynsk bortfelder			Kvit mainepe		
	15	25	35	15	25	35	15	25	35
Røter, kg ...	5916	5819	5754	7237	7270	7040	6043	5644	5383
Blad, kg ...	3376	3131	2898	7237	7270	7040	2916	2663	2516
Foreiningar	716	690	658	778	741	701	812	747	698
Turremne, %	9,12	÷ 0,26	÷ 0,45	8,48	÷ 0,24	÷ 0,38	11,28	÷ 0,22	÷ 0,22
Rotne røter, % .	10,0	12,1	12,5	5,3	6,2	6,9	8,6	13,2	16,8

Avlinga av røter er mindre påverka av ulike tynningsavstand enn bladavlinga, som minkar mykje di større avstand det er mellom plantane. Det er grunn til å merke seg dette, serleg for bladfatige sortar eller stammer, da dekkingsevna vert mindre. Stuttaste avstand har og gjeve største rotavlinga, men skilnaden mellom 15 og 25 cm for rundnepa Dales hybrid og langnepa Fynsk bortfelder er liten og uviss, og ein kan såleis ikkje ha nokon sikker vinning med det meirarbeid som fylgjer med stutt avstand. Med flatnepa Kvitmai, stiller det seg annleis. Det minste planteavstanden har så stor meiravling i høve til 25 og 35 cm at ein må rekne med at meirarbeidet er betalt med denne avlinga. Under vurderinga av tynningsarbeidet må det og takast omsyn til om ein nyttar leigd hjelp eller det vert utført med den arbeidshjelp som støtt er på garden.

Bladfatige sortar, som flatnepene oftast er, vil dekke jorda for dårleg ifall det vert nyttta for stor planteavstand og misser da noko av den evna som nepa har til å kvele ugraset.

Det prosentiske innhaldet av turremne vil gjerne vera litt høgre i røtene når det er stutt enn når det er langt mellom dei. Med stor avstand vil og eit relativt større tal av plantane verta skadde av kålfuge og rotesoppar. Dette og talar til vinning for det mindre avstanden. Vil ein derimot ha store røter, må det brukast stor avstand, men røtene vil da verta meir lause i kjøtet.

Det mest høvelege avstanden til rund- og flatneper med vanleg god bladvekster 20 til 25 cm, og til flatneper med liten bladvekst 15 til 18 cm.

6. Silonepe.

Neper kan vi og dyrke utan tynning. Røtene kjem ikkje da til full utvikling og tanken med denne dyrkinga er å skaffe for til dyra når beitet minkar utpå sommaren eller å leggja avlinga i silo, derav namnet silonepe. Det er såleis ingen spesiell nepesort til dette føremålet. Nepene vert sådde tunt, berre 3—400 gram pr. dekar. Dyrkingsmåten vert elles den same som for neper til tynning. Snarvaksne og bladrike sortar bør brukast, såleis er i forsøka nyttta Haustnepe-Roskilde VII, Majturnips-Roskilde B og Kvitmai-Forus. Dei fyrste avlingsresultat i landet vårt med silonepe er gjort kjent av Øivind Nissen og Nils Skaland («Forskning og forsøk i landbruket» 1958, side 245). Det er felles forsøk frå forsøksgardane i landet, men silonedlegging er utført berre ved Landbruks-høgskolen. Her skal vi ta med resultatet frå myrjord frå forsøksgarden på Mæresmyra i medel for 4 år. I samanlikninga er og medteki grønfor av havre, erter og vikker.

Såtid 13/6	Vekstdøgn		F.e. pr. dekar	
	Grønfor	Silonepe	Grønfor	Silonepe
1. hausting ..	21/8 — 69	25/8 — 73	512	711
2. hausting ..	— —	15/9 — 100	—	960 (+249)

Ved denne kulturmåten har ein på stutt tid oppnådd større avling av f.e. pr. dekar enn på vanleg måte og ved bruk av lengre tid. Ein kan såleis ved å dyrke silonepe skaffe før til husdyra på ei tid da beitene har minka i avkastnad. Også der insektplagene er til hinder for dyrking av neper for lagring, vil silonepe kunne dyrkast med vinning, men da med legging i silo.

B. Kålrot.

Kålrota har gjeve langt mindre avling på myrjord enn nepe, dvs. av røter. Bladavlinga har vori like stor. Under tilhøva ved forsøksgarden har vokstertida vori for stutt, da kålrota treng mykje varme for å nå full utvikling. Sjølv med det høgre prosentiske innhold av turremne i røtene enn i rund- og langnepe, 3—4 prosent høgre, så har ikkje kålrota kunna konkurrere med nepene i avling. Ei hindring for dyrking av kålrot på myrjord, er det årvisse åtak av kålflugelarva (*Hylemyia floralis*), og ho synes ikkje gjera nokon skilnad på dei ymse sortar og stammer. Vi skal ta med ein del resultat frå dyrkingsforsøka med ymse sortar og stammer av kålrot som anten er dyrka i eigne forsøk, eller enkelte år i samanlikning med neper.

Tabell 12. Sort- og stammeversøk med kålrot.

	Antall år	Avling pr. dekar			Turr- emne i røter, %	Makk- etne, %	Stokk- rente, %
		Røter, kg	Blad, kg	I alt, f.e.			
Kålrotsortar:							
Bangholm	15	4003	2342	614	11,9	41	8
Trondheims (Felleskjøpet) ..	12	3918	2044	542	10,8	50	5
Wilhelmsburger ..	5	3959	2464	581	11,4	30	15
Gøta	4	4574	1600	557	10,6	51	
Kålrot- stammer:							
Trønderkålrot:							
Hylla stamme ..	8	4333	1386	524	10,6	43	14
Grimstad » ..	5	3898	2097	550	10,7	45	9
Udjus » ..	4	3288	2197	495	11,1	59	
Braset » ..	1	3889	2107	484	10,9	—	—

Bangholm er den kålrotsort som har gjeve største totalavling, men den kjem ikkje på høgd med neper. Verdet av rotavlinga vert dertil redusert mykje avdi ein stor part er meir eller mindre skadde av kålfluga. Ei samanlikning med nepesorten Dales hybrid for same åra som Bangholm er dyrka, viser at kålrota har gjeve 20—25 % mindre avling både i turremne i røter og foreiningar i det heile. Av kålrotstammene er det Trønderkålrot, Hylla stamme som har gjeve større rotavling enn Bangholm, men mindre total avling da turreneprosenten er mindre. Både Bangholm og Trønderstammene har fin rotform.

Sætida for kålrot fell saman med såing av nepa. Tidleg såing i ulagleg og kald myr fører til stokkrenning i like høg grad som for langnepa. Med omsyn på åtak av rotmakk, så synes tidleg såing å føre til større prosent skadde røter.

På grunnlag av forsøk og røynsler med dyrking av kålrot er det lite føremålstenleg å leggja denne dyrkinga på myrjord, utan serlege rådgjerder mot kålfluga. Desse rådgjerder er gjerne omstendelege å utføre og vanskelege å få gjort skikkeleg på større areal.

Kålrota høver best på tyngre jordarter. Den som har berre myrjord og vil dyrke kålrot til matbruk, må ta kampen opp mot kålfluga skal resultatet verta bra. Det er den store kålfluga (*Hylemyia floralis*) som gjer skade ved forsøksgarden. Ho legg egg i juli månad og dei er lette å sjå ved rothalsen. Sikrast mot åtaket er vatning med insektmidler og denne må ta til om lag ei veke etter egglegginga er byrja. Ved forsøksgarden har vi hatt godt resultat av vatning med 0,1 prosent sublimat. 90 prosent av røtene var uskadde, resten litt skadd. Men dette er giftig (kviksølvhaldig) og ein må difor vera varsam med å bruke rota for tidleg. Utførte analyser av røter etter vatning med sublimatoppløysing synte at dei hadde ikkje noko giftstoff i kjernen eller i lag under skalet, derimot var det ein del i sjølve skalet. Vatning med nyare insektmidler er ufarleg, (sjå elles spesialavhandlinger om plantevernmidler).

C. Forbeter og forsukkerbeter.

Beter har ymse fordelar framom neper til dyrefor. Dei har oftast større prosent turremne, dei er ikkje mottakeleg for klumprot, og vert heller ikkje skadde av kålfluga. På den andre sida treng dei lenger vokstertid og toler mindre frost om hausten enn dei andre rotvokstrane. Under tilhøva ved forsøksgarden når vokstertida skal utnyttast i det lengste, kan dei verta frostskadde. Betene er og larringssterke når dei ikkje er frostskadde. Dei vil ha varm jord eller høg sommarvarme skal rotavlingane koma på høgde med t. d. Bangholm kålrot, og difor vert dei langt underlegne i normale år. I somrar under normalt med varme, har det vorti svært liten avling.

Her skal takast med avlingstal av dei sortar som har stått best i forsøka våre i samanlikning med Bangholm kålrot. Betene har vori med frå 3 til 5 år.

Tabel 13. Forsøk med betesortar.

Sortar	Avling pr. dekar			Turremne i røter, %	Stokkrente, %
	Røter, kg	Blad, kg	I alt, f.e.		
Kålrot:					
Bangholm	4003	2342	614	11,9	7,8
Forbeter:					
Weibulls Eckendorfer, sådd	3306	2568	507	10,5	10,2
Weibulls Eckendorfer, planta	3419	2633	559	11,3	12,4
Barres Øtofte, planta	2401	3224	540	14,6	8,8
Forsukkerbeter:					
Bacon, Weibull original elite	2225	2842	521	13,9	9,3

Planta beter gir noko større avling enn sådde direkte på friland, men heller ikkje da har avlinga komi på høgd med kålrota. Bladavlinga er likevel mykje større og det er den som gjer at avlinga av foreiningar kjem så høgt. Weibulls Eckendorfer er vel tidlegare enn Barres og har gjevi størst avling av dei to, men Eckendorfer har lågt innhald av turremne i høve til kålrota. Forsukkerbeten gav små røter og stor bladavling.

Såinga kan heller ikkje gjerast tidlegare enn for neper, da betene går i stokk om lag like lett ved såing for tidleg, eller i kald og ulagleg jord. Jordloppa gjer ikkje skade på betene, derimot vil «rotbrann» ofte føre til uttynnning i planteradene. Betene er kravfulle og treng sterkare gjødsling enn neper.

Med dei sterke krav til vokstervilkåra som betene har, kan dei berre på grunn myr i sudlegare strok konkurrere med dei andre rotvokstrar i avling. Men tidlege sortar vil truleg kunne rette på det.

D. Formergkål.

Formergkål har ikkje kunna konkurrere med neper i totalavkastnad i forsøka ved forsøksgarden. Han kan likevel ha sin verdi til supplering av beite når dette minkar utover hausten. Avlinga har vori 5 til 6 tonn pr. dekar, og da utan tynning. Tynningsforsøka peikar i den leid at avlinga minkar di større tynningsavstandet er. Det synes difor å vera rettast å så tunt og å sløyfe tynninga, stenglane vert grannare og er lettare å fora med. Kulturmåten er den same som for neper.

V. Poteter.

Poteten er ein sers viktig jordbruksplante som eit gardsbruk helst ikkje burde vera forutan. Alle som har gard bør i fyrste rekkje dyrke potet dersom vilkåra elles er gode nok til det. Gagnet av denne er allsidig. Det er difor naturleg at også den som har berre myr som kulturljord også vil dyrke potet så langt det er rådeleg. Poteten er og sers verdfull i voksteromlaupet og er ei god føregrøde for andre vokstrar.

Sett frå jordkulturen sin synsstad er ikkje poteten nokon kravstor plante. Det som set grensa for avlingsstorleiken og om potetdyrkning på myrjord i det heile vil lukkast, er frost i vokstertida. Han toler ikkje frost i voksterstadiet utan at det set merke på bladverket. Ved forsøksgarden på Mæresmyra er det fåre for frost i alle sommarmånader, men i juli månad er denne faren tolleg liten. Vert ikkje frosten for hard og tek den seg ikkje opp att fleire gonger, så har vi fått tilfredsstilande potetavlingar ved forsøksgarden. Sjølv sagt er det ikkje nådd like bra resultat som på fastmarksjorda, og samanlikna med nepeavlingane, så ligg potetavlingane lågare.

Vokstertida vert stuttare til poteten på myrjorda enn på fastmarka, da haustfrosten gjerne bryt voksteren 2 til 3 veker tidlegare på myrjorda her. Setjetida vert og seinare avdi ein må taka omsyn til vårfrosten. I dei strok av landet der frosten ikkje er nokon hindring, såleis langs kysten og på Sørlandet, kan ein sikrare dyrke potet på myrjord. I ymse år har det vori misvekst, men dei er ikkje mange i dei 50 åra arbeidet har vori dreve ved forsøksgarden, men avlingane har svinga mykje.

Det har si interesse å nemna at ved den tidlegare Svenske Mosskulturföreningens forsøksgard Flahult ved Jönköping, er det poteten som har gjeve den største avling pr. dekar på simpel kvitmosemyr av dei jordbruksvokstrane som er dyrka. Avlinga var mindre på grasmyra ved garden Torestorp like ved. Sorten Up to date, Grahm, gav i medelavling 3165 kg pr. dekar på kvitmosemyr i bolken 1919—1923 og på grasmyra 2140 kg i bolken 1909—18. Mosemyra var påført mineraljord og kalk. Flahult forsøksgard ligg på ca. 58° n. b., Mæresmyra på ca. 64° n. b. Dette lægje lengre nord gjev stuttare vegetasjonstid og større fåre for skadefrost.

A. Val av potetsortar.

Det er skilnad på potetsortane også på myrjorda. Ein skulle tru at når frosten kan setja grense for vokstertida vil avlingsskilnadene verta utviska. Men dei ymse sortar utvikler seg ikkje like fort og dette vil føre til at dei tidlege sortane gir størst avling. Det er såleis av økonomisk verdi å finne den sort som høver best. I dei fleste høve er potet som er avla på myrjord ikkje god til mat, og han vert dårlegare på godt molda enn på lite molda myr. Også

veret utover hausten innverkar på kvaliteten til mat. Er hausten turr vert poteten betre enn om det er mykje regn. Spesiell dyrking av tidlege matpoteter for sal høver såleis ikkje på myrjord, da potet og vert for seint ferdig samanlikna med potet dyrka på fastmark. Det er til før og til fabrikkvare potetdyrkning på myrjord har sin plass. Ein må alltid rekne med at poteter frå myrjord har eit lågare innhald av turremne enn dei som er dyrka på fastmark. Elles vert poteten fin og rein i myr, og det heng lite jord med under opptakinga. Til dyrking av utsæde (stamsæd) skulle myrjord høve godt, dersom frostfåren ikkje er til hinder.

Prøving av ymse potetsortar er utført ved forsøksgarden på Mæresmyra heilt sidan arbeidet tok til der. Dei fyrste åra var sortimentet lite og heller ikkje var det høve til å dyrka mykje poteter. For tida 1909 til 1918 fekk ein desse medelavlingar pr. dekar:

Up to date (Grahm)	1754 kg knollar med 305 kg turremne
Ny matador	2215 » » » 367 » »

For tida 1918 til 1925:

Grahm	2114 kg knollar med 394 kg turremne
-------------	-------------------------------------

Det har seinare vori med fleire sortar i forsøka, sortar med ulik utviklingstid. For alle sortar som er prøvd i tida 1926 til 1941 er oppnådd desse medelavlingar pr. dekar:

Sortar:	Knollar	Turremne
Tidlege	2832 kg	532 kg
Halvtidlege	÷ 65 »	+ 18 »
Halvseine	÷ 348 »	÷ 22 »
Seine	÷ 759 »	÷ 122 »

Det er liten skilnad mellom dei tri fyrste grupper i avling turremne, derimot er det tydeleg mindre avling av dei seine sortar.

Vokstertida har vorti for stutt til dei seine sortar. I medeltal har det vori ei vegetasjonstid på 115 døgn, dvs. ved ei setjetid 15. mai, har potetgraset frose ned den 8. september. Da det kan ha interesse å sjå korleis dei ymse sortar hevda seg ved samanlikninga, skal her takast med nokre data frå sortforsøka i tidbolken som nemnt (tabell 14).

På mosemyra her på forsøksgarden er det ikkje nådd så gode avlingar. Såleis gav sorten Louis Botha i medel for åra 1939—45, 2 tonn knollar pr. dekar med 400 kg turremne.

Både dei tidlege og halvtidlege sortar er lett mottakelege for turråte. King George V er minst mottakeleg og Louis Botha har vori tolleg bra. Men sjølv om denne potetsjukdomen har vori lei


Tabell 14. Forsøk med potetsortar 1926—1941.

Sortar	Avling, kg pr. dekar	
	Knollar	Turremne
Tidlege:		
Edzell Blue	2970	589
Early Puritan	2785	542
Dukker (grøne groer)	2783	519
Arran Pilot	2921	494
Halvtidlege:		
Louis Botha	2847	560
Sharpes Express	2720	561
Liverpool (British Queen)	2746	537
King Georg V	2759	534
Halvseine:		
Parnassia	2392	550
Up to date (Grahm)	2746	527
Jubel	2462	502
Seine:		
Kerrs Pink	2285	471
Alpha	2167	441
Åspotet	1861	349

ymse år, har likevel dei tidlege og halvtidlege sortar hevda seg best under vokstervilkåra ved forsøksgarden. Sjukdomen har komi så seint på året at det har hatt lite å seiia for avlingsstorleiken. Både dei halvseine og seine har vist seg sterke mot sjukdomen med unntak av sorten Grahm, som er ein utmerket sort, men det er uråd å dyrke han fordi han er for lett mottakeleg for turråten.

Turremneprosenten skiftar mellom sortane. Høgst prosentisk innhald har Parnassia hatt med 22,5 % og Sharpes Express med 21 %. Lågaste innhald viste Arran Pilot med 17,3 %. Det midlare innhald av turremne av prøvde sortar var for dei tidlege 18,5, halvtidlege 19,6, halvseine 20,0 og dei seine sortar 19,1 %. I samanlikning med potet som er avla på mineraljord vil potet frå myrjord vise lågare innhald. For sorten Grahm har vi samanlikna innhaldet av turremne i potet frå fastmark og myrjord (grasmyr) gjennom 5 år. I medel viste fastmarkspotet 1,5 % høgre innhald av turremne enn potet frå myrjord. Ein reknar såleis med at det går noko meir av myrjordspotet til ein foreining enn av fastmarkspotet (5 kg til 1 f.e.).

Det er skilnad mellom sortane med omsyn på matkvalite-



Pottfelt ved forsøksgården på Mæresmyra.

ten. Såleis hadde Dukker og Ny Matador tolleg gode eigne-skapar, brukbare var og Early Puritan, Louis Botha og Liverpool. Da myrjordspotet gjerne vert meir vassen enn potet frå fastmark, har den ikkje same evne til å verta mjølen ved koking. Kulturåtgjerder som aukar innhaldet av turremne fører til betre matkvalitet. Påføring av mineraljord på gras- og mosemyr aukar innhaldet av turremne. Likeeins ved å nytte klorfri kalium-gjødsel til potetgjødsel får ein potet som er rikare på turremne. Men sjølv om desse råder vert nytta, vil ikkje poteten få den same kvalitet som på mineraljord. Husdyrgjødsel verkar nedsetjande på kvaliteten.

Det er mange sortar å velja mellom og som har stilla seg omlag likt i avkastnad. Av dei tidlege sortar kan tilrådast til dyrking Edzell Blue (blått skal), Early Puritan og Dukker (grøne groer), av halvtidlege Louis Botha, Sharpes Express, Liverpool (British Queen) og King Georg V, og av dei halvseine Parnassia. I dei seinare år er prøvd fleire andre sortar, og av tidlege sortar har Doon Early og Epicure vori mellom dei beste, og av dei halvseine har Jøssing vori bra. Den siste er rik på turremne og tolleg sterkt mot turråte. Dei turråteveike sortar må ein hugse å sprøyte dei år turråte herjar.

Risikoene for frost i vegetasjonstida er og med og avgjer valet av potetsort. Myrjord som til vanleg er utsett for frost i den beste vokstertida (juli månad) er ubrukande til potetavl.

B. Føregroing (lysgroing).

Føregroing av setjepotetene hjelper til å gjera vokstertida lengre, og ved dyrking på myrjord bør føregroing gjerast i så stor mon som råd er. Så lite drivande som myrjorda er, har dette arbeid serleg verd. Samanlikning mellom grodde og ugrodde setjepoteter av sorten Louis Botha gav ved forsøksgarden fylgjande medelavling av knollar og turremne pr. dekar.

	Knollar, kg	Turremne, %	Turremne, kg
Ugrodde setjepoteter	2912	19,9	551
Grodde » 	+ 615	+ 0,4	+137

Avlingsauken for lysgroinga er 21 % for knollar og 25 % for turremne. Forsøm såleis ikkje føregroinga av setjepotetene på myrjord. Ved denne kulturmåten vil poteten nå meir fullkommen mogning, sjuke poteter kan skiljast ut og ved den ulike groefarge som sortane har, kan ein og skilje ut innblandingar av andre sortar ved setjinga.

C. Setjetida.

Det vil gjerne gå 3—4 veker frå setjing av grodde poteter til oppspiringa under nokolunde normale vertilhøve. Er poteten sett omkring 20. mai vil spirene vera over jorda 10. til 15. juni, og da skulle frostfåren verta mindre og mindre. Prøving av ymse setjetider har gitt noko skiftande resultat ved forsøksgarden, men alltid har den tidlege setjetida stått tilbake for noko seinare setjetid. Det midlare avlingsresultatet for prøving av ulike setjetider på Mæresmyra i bolken 1942—45 gav desse avlingar pr. dekar:

Setjetid	Knollar, kg	Turremne, kg
12. mai	2281	436
22. mai	+ 123	+ 26
1. juni	+ 137	+ 26

Ved den tidlege setjetida har myra ofte hatt tele i ploglaget og har soleis vori kald. Setjinga den 22/5 og 1/6 har skifta om fyrste plassen. Her har soleis den høvelegaste tida vori frå 22. til 30. mai, og det viser at ein skal ikkje forhaste seg med å få potetene i myra. Tidleg sette poteter kan føre til at spirene kjem så tidleg opp at dei vert skadde av frosten. Heilt ålement kan ein seia at poteter ikkje må setjast i for rå og kald jord, det er betre å late dei stå i grokkassene og veksa til jorda er oppvarma. Jorda bør vera lagt opp i rader ei god tid føre setjinga.

D. Myrjordspotet som utsæde.

Det er ei vanleg meinung at potet som er avla på myrjord er betre som utsæde enn den som er avla på fastmark, og serleg til utsæde på fastmarksjord. Forsøk på Flahult i Sverige viste at myrjordsutsæde gav 5 til 10 % større avling enn fastmarksutsæde — både på sandjord og myrjord. Størst var avlingsauken på sandjorda. Også tyske forsøk går i same leid. Derimot har liknande forsøk som er utførde på Statens forsøksgård Voll ved Trondheim ikkje alltid vist skilnad til fordel for myrjordsutsæde, og når det i ymse år har vori ein slik skilnad, er det forklåra med at fastmarksutsædet var meir fengd av sjukdom. Utsæde frå myr og fastmark er og samanlikna på myrjord på Mæresmyra. Ymse år var det ein liten skilnad til fordel for fastmarkspoteten, andre år var myrjordsutsædet best og da var skilnaden større. I medel for 6 forsøksår for sorten Graham og 3 år for Louis Botha vart avlinga pr. dekar som nedanståande tabell viser.

T a b e l l 15. F o r s ø k m e d u l i k e u t s æ d e a v p o t e t e r .

Sort og utsæde	Knollar, kg/da	Turremne,	
		%	kg/da
Graham:			
Fastmarksutsæde	1873	17,8	335
Myrjordsutsæde	+ 98	17,7	+ 23
Louis Botha:			
Fastmarksutsæde	1573	16,6	267
Myrjordsutsæde	+ 34	16,8	+ 8

Denne avlingsaukande verknad som ymse år har vori for myrjordsutsæde i høve til utsæde frå fastmark, vil serleg koma fram åra etter sterke sjukdomsåtak på potetene (turråte). Det er gjerne so at myrjordspotet vert mindre sjukdomsfengd enn potet dyrka på mineraljord, og difor kan han stort sett vera friskare som utsæde. Vi kan i denne samanheng minne om at flatbygder har skaffa seg friskt utsæde frå dei sokalla «åsmarker» der potetene er avla i høgre lægje og der sjukdom på dei, serleg turråte, er mindre vanleg.

E. Jordkulturen og potetdyrkninga.

Strukturen og dei fysiske eigenskapane til myrjorda synes i mindre grad å innverka på utviklinga av potetene. Ein kan likevel ikkje venta å få like bra avling på nydyrka myr som på myr i gammal kultur. Kvitmosemyr har som før nemnt, ved forsøk i Sverige, gjeve betre avlingar enn grasmyr av betre kvalitet. Her kan vi og nemne at på myr med brenntorv i ploglaget gav Louis Botha

(Smøla 1939) 3 tonn knollar pr. dekar utan jordbetring. Også røynsler frå Sverike (Witte, 1923) viser at potet kan dei dyrke på myr med struktur som gjer at ho er utenleg til andre vokstrar, og dei har på slik myr teke avlingar på 2,5 til 3 tonn pr. dekar.

Kalking synes ikkje å vera naudsynt til poteter på myrjord dersom det elles er nok kalk som næring. Ved direkte kalking, eller på kalkrik jord, vert poteten skurvut. Er myra påført mineraljord treng ein ikkje å kalke til potet. På kalktrengjande myr unngår ein elles ikkje kalking når det gjeld andre vokstrar, og dersom potet går inn i eit regelrett planteskifte, må kalkingsåret koma så langt unna poteten som råd er.

Jordbetring med mineraljord, serleg på kvitmosemyr, er ofte bra. Myra vert meir varmeleidande. På grasmyra har vi fått 10 til 12 % avlingsauke for jordbetring, dvs. når myra var lite molda. Svenske forsøk på kvitmosemyr har vist omkring 20 % avlingsauke for mineraljord. Men det er og døme på at jordbetringa har sett ned avlinga, t. d. i Danmark. Det er truleg at dei store mengder mineraljord dei har brukt, 50 til 100 m³ pr. dekar, har vori årsak til dette, myra kan ha vorti for våt.

Sjølv om potetene ikkje er så nøyne på jordarbeidina er det likevel rett å smuldre myra godt av omsyn til hyppinga av dei. Denne får ein ikkje skikkeleg utført utan i godt smuldra jord. Hypping er den avsluttande jordarbeidina om sommaren og er eit naudsnyt arbeid ikkje berre til å døyve ugraset, men den skal også legge tilhøva til rette for opptakinga av potetene med maskin. Hypping av potetene har ingen avlingsaukande verknad; to års forsøk med hyppa og ikkje hyppa poteter på Mæresmyra gav same avlingsresultat.

F. Potetsjukdomar.

Dei fleste sjukdomar som går på poteter dyrka på mineraljord, går og på poteter dyrka på myrjord. Her skal nemnast berre nokre av dei mest vanlege.

Turråte synes å koma noko seinare på myrjorda enn på fastmarka. Om soppen kjem på blada, skal det eit sterkt åtak til før soppen går over på knollane. Myrlaget hindrar i nokon mon soppen i å koma til knollane. Ei god hypping verner såleis potetknollane mot turråte.

Stilkråte vil ofte vera lei på myrjord og den er meir årvisse enn turråte. I rått ver og på mindre turr myr har sjukdomen lettare for å koma enn når jorda er turr. Sortane vert meir eller mindre angrepne, og potetene vert små. Da sjukdomen kan spreias med setjepotetene, bør det ikkje brukast for små knollar til dette.

Skurv (flatskurv) kan førekoma på ymse sortar, men på myrjord som den ved forsøksgarden med tilfredsstillande kalkinnhald, pH ca. 5, har det sjeldan vori nemnande skurvåtak. Det kan vera nokon skilnad på sortane, såleis har Louis Botha og Dukker

hatt sterkare åtak enn sortane Edzell Blue, King George V og Graham.

G. Ugras.

Med omsyn til ugraset i potetåkeren, så kan det vera leitt på myrjord. Av frøugras er det serleg vassarve som trivst godt og kan valde vansker dersom han ikkje vert halde i age. Det går lang tid før potetene er oppspirte, og i denne tida har frøugraset lett for å spreie seg dersom ikkje rådgjerder vert sett i verk mot det.

Kjøring i potetåkeren på myrjord er vanskeleg før potetene er komi opp og har festa seg, myra er laus og poteten vil lett rivast med av reiskapen. Ei god rådgjerd mot frøugraset er å breiså trollmjøl over radene før potetene er oppspirte, det vil oftast halde ugraset nede.

(Framhald)

Fortegnelse

over

Det norske myrselskaps medlemmer pr. 31/12 1958.

Vi har siden 1934 med 5 års mellomrom offentliggjort en fortegnelse over Det norske myrselskaps medlemmer i «Meddelelser fra Det norske myrselskap». De tidligere fortegnelser er tatt inn i hefte nr. 1 for 1934, 1939, 1944, 1949 og 1954.

Vi vil be våre medlemmer eller deres pårørende om å kontrollere at navner, titler og adresser er riktige og å melde fra om eventuelle feil, dødsfall o. l. så vårt kartotek kan bli helt a jour. Feil i medlemsfortegnelsen vil bl. a. resultere i forsinkelse når det gjelder distribusjonen av tidsskriftet, noe som er en blempe for alle parter.

Fortegnelsen omfatter bare selskapets direkte medlemmer og ikke de indirekte medlemmene ved Trøndelag Myrselskap og andre institusjoner. Heller ikke selskapets bytteforbindelser er tatt med i fortegnelsen.

Æresmedlemmer:

Glærum, O., forsøksleder, Hol, Ilseng.
Holmsen, Gunnar, statsgeolog, dr., Vettakollen.
Sørhuus, K., skogdirektør, Nordstrand.

Korresponderende medlemmer:

Basse, Niels, direktør, Det danske Hedeselskab, Viborg, Danmark.
Ekström, Gunnar, statsgeolog, dr., Sveriges geol. Undersökning,
Stockholm, Sverige.
Kivinen, Erkki, professor, dr., Agrikulturkjemiske Institutt, Universitetet, Helsingfors, Finnland.